

Notat nettilknytning for 201004191 - Rødøla småkraftverk.

Frå konsesjonssøknaden:

3.16 Kraftliner

«Tilknytning til lokalt 22 kV nett vil skje via jordkabel fram til eksisterande nettstasjon, eventuelt erstatta med ny nettstasjon. All graving vil skje i fyllmasse frå anleggstida på -80 talet. Områdekonsesjonær er Mørenett AS, men tilknytning skjer på anleggsdel der Tafjord kraftproduksjon AS er eigar og har anleggkonsesjon. Grunneigar er Tafjord Kraftproduksjon.

Ein ventar ingen negative konsekvensar av kabelanlegget.



Fig. 1.4.2 132 / 22 kV nettet i utbyggingsområdet».

Ei meir detaljert skildring av anleggsområdet og kabelanlegget er vist på kartutsnitt nedanfor.



Kartutsnitt ovanfor med målestokk viser kvar kraftstasjonen er tenkt plassert og kvar eksisterande nettstasjon i 22 kV nettet står. Denne nettstasjonen er kalla «Tafjord 5 portal» i vår anleggskonsesjon.

Kabelanlegget for å knyte Rødøla kraftverk til nettet består av:

Kabeltype	Merkespenning	Tverrsnitt	Lengde	Grunntilhøve
TSLF (3 x 1)	24 kV	AL nr 25	320 m	Steinfylling

Heile kabeltraseen vert lagt i gamal steinfylling etablert under bygging av kraftstasjon Tafjord 5 tidleg på -80 tallet.

27.03.2017

Per Kåre Skudal

Tlf 91862014